



DET NORSKE TEATRET



GUNNAR MØRCH

om „SØNNAFOR VERDEN“.

Kvalfangstens gullalder er forbi. Definitivt. Stordoms-tida lever berre vidare i minnet, men med kvalfanga-rane vil dei tallause historiene og legendene frå feltet gradvis gå tapt. Forbausande lite er gjort for å ta vare på den ånda og tenkjemåten som prega fangstfolka i det isolerte miljøet ombord i kokeriet, kvalbåten eller på ein avsondra landstasjon. Berre få forfattarar har teke for seg denne særprega greina av norsk nærings-liv, og dette er første gongen stoffet er nytta til eit heilkvelds skodespel. Det har vore ei stor oppgåve.

Etter mi meining kan den store kvalfangst-tida best samanliknast med gullfeberen i Alaska eller oljerushet i Texas, og alle desse periodane har hatt sin spesielle innverknad på menneska. Dette er utgangspunktet mitt. Eg har ikkje meint å gje meg ut for ekspert på alt som har med kvalfangst å gjere. Når eg har gripe fatt i dette miljøet, er det berre for reint litterært å ta hand om noko av den ånda som herska, og som til ei viss grad kjenneteiknar dei få fangstekspedisjonane som framleis blir sende ut. Miljøet er henta ut av røyndomen, og det skulle vere bygd på så ekte grunnlag at sjølv den mest råbarka kvalfangar ikkje skulle ha vanskar med å kjenne seg att.

Stykket er skriva på grunnlag av eigne røynsler og på forteljingar frå eldre kvalfangarar. Handlinga går føre seg på kvalfangststasjonen på Sør-Georgia, men eigentleg kunne menneska i stykket ha vore plasserte i kva isolert miljø som helst. Vi opplever mannfolka i stykket under ei overvintring og ein sesong, og det eg har ønskt å gjere, er å leggje fram reaksjonane på ein kvardag der karane er pressa så tett innpå kvarandre som det er mogleg å kome. Her trer forskjellen i indre legning fram. Her blir dei nerveveike brotne ned, og dei sterke nyttar dei veike til å hevde seg sjølve. Her er galgenhumoren og den røffe omgangs-tonen — så typisk for sjøfolk og fangstfolk — ofte eit nødvendig panser over nervane.

Mykje av handlingsutviklinga i «Sønnafor verden» ligg i replikkane. Teatret er ordets kunst, og replikkane er liv og handling. Nå er det ikkje forfattarens oppgåve å analysere sitt eige verk, personane og storyen. Essayistar og kritikarar skal leve dei óg. Men eg vil gjerne få seie at alle typane i stykket er teikna med ærleg forankring i røyndomen. I replikkane vil andre óg få liv. Elise er eit døme. Ho er ikkje til stades visuelt, men likevel med i trekantramaet heile tida.

Min største ambisjon med «Sønnafor verden» er å skape eit levande teaterstykke, eit ekte bilete av livet sjølv, utan slike filosofiske fiksfakseri som er blitt den reine manér i moderne teater. Det finst andre vegar, løynde stigar, som óg fører inn til den store opplevinga, til forståing, til menneskehjarta.

Det blir ofte spurt om eit skodespel har ein moral, ein budskap. Kanskje «Sønnafor verden» kan vise oss at vi må vere varsame med å gå kvarandre inn på livet; menneska kan aldri lære å bli varsame nok. Vi må leve i fred med kvarandre, i det små som i det store.

Gunnar Mørch

DATA OM DRAMATIKAREN



Gunnar Mørch.

Kveldens dramatiker er fødd 7. august 1917 på Tjømmø. Han har jobba som transportarbeidar, bygningsarbeidar og kvalfangar. No er han musikk- og teatermeldar i Sandefjord Blad.

«Eigentleg er eg musikalr,» seier han sjølv. Og i mange år har han vore kordirigent, spela i orkester, komponert kantatar, korsangar og ein norsk rapsodi for symfoniorkester.

Vegen til scenen har gått via syngespel, farsar og revyar for amatørteater, høyrespel for barnetimen i radio og anna stoff for NRK. M. a. var han medarbeidar i Fjernsynets «Påskerevy» 1962.

«Sønnafor verden» er Gunnar Mørchs debut som scene-dramatikalr. Stykket hadde urpremière på Riks-teatret i 1967 i Barthold Halles oppsetjing. Gunnar Mørch spela sjølv rolla som Bestyreren.

«Sønnafor verden» er utgitt i bokform på Gyldendals «Grønne serie».

„SYD GEORGIA-VISA“

Ei gammel kvalfangarvise frå Sør-Georgia, nedskreven av ein veteran frå Stokke.

Her nede på Syd Georgia her regner det og sner mens langt derhjem i Tønsberg sitter reder'n vår og ler. Han aner ei hvor usselt det er at være trell her nede på den øya blant sne og is og fjell.

Men kosten her på øya, den er jo ikke rar, det har de fått erfare de som hernede var. Dog nevne noe mer om dette i min sang, det tør jeg neimen ikke, det får bli en annen gang.

Og de som er derhjemme, di lite tenker på hva her en stakkars arbeidsmann av slit må gjennomgå. I storm såvel som snevæir han tage må sin tørn mens dem som er der hjemme kan gå i hi som bjørn.

Men snart er tiden omme og vi skal reise hjem til Norges fagre daler og til vår kjære venn. Og når vi herfra reiser, da må vi tenke på de gode kammerater som her igjen skal stå.

Og vil di nu da vite hvem visen diktet har så er det en fra Stokke, en meget lystig kar. Han heter Magnus Thorsen og kom til denne ø, for her i atten måner å knoga for sitt brød.

Sverre Holm og Alf Malland.





GRYTVIKA

I det sørlege Atlanterhavet, mellom 55 gr. s.br. og 37 gr. v.l. ligg den vesle isdekte øya Sør-Georgia, fullstendig isolert frå omverda. I det indre går fjella opp i ei høgd av 3000 meter. Tre og buskar finst ikkje, — «sommars»-vegetasjonen er stort sett strandplanten «Tussock». Dyrelivet er rikt, med svære pingvinkoloniar, sjøleopardar, sel, sjø-elefantar og kval.

På denne utposten mot Ishavet, — på den andre sida av verda, — har norske fangstfolk vore dei leiande både på sine egne og på andre lands stasjonar. Sidan 1904 har det vore fast fangststasjon på Grytvika, og etter kvart kom dei andre til, «Leith Harbour», «Husvik Harbour», «Prinsehavna» og «Strømnes».

Fangststasjonane ligg på den smale stranda ved hamnene, med høge, forrivne fjell bak seg, isbrear og stup. Enno er livet på desse stadene eit uskrive blad i norsk litteratur.



Første rekkje frå venstre: Rolf Just Nilsen, Helge Essmar, Jens Bolling, Harald Heide Steen, Carsten Byhring.

OVERVINTRARAR I ANTARKTISKE STRØK

Dei tre fasane i tilpassingsmønstret.

I samband med det internasjonale geofysiske år undersøkte Rohrer 163 overvintrarar. Dei fleste tilfella viste eit klart tilpassingsmønster i tre fasar:

1) Den første fasen var prega av **a n g s t** og **u v i s s e**, og varte frå ein til to månader. Reaksjonen kom delvis av at ein gradvis blir medviten om bindingar til det sosiale miljøet ein tidlegare har levd i. Desse kjenslene høver dårleg inn i det barske biletet overvintraren har av seg sjølv, og er vanskeleg å akseptere. I tillegg kjem vissa om at «alle bruer er brende», først neste sommar finst det veg tilbake, og ein er utrygg på korleis ein kjem til å klare tilpassinga.

2) Den andre fasen er prega av **l e n g t**, **d e p r e s j o n** og **p a s s i v i t e t**. I nokre tilfelle utviklar dette seg til «Long Eye» — ein mann blir sitjande heilt passiv og stire på dei andre utan å sjå dei og utan nokon kontakt i det heile tatt. «Long Eye» er oftast førebudd av ein lengre periode med søvnløyse, mistru, dårleg matlyst, lita arbeidslyst og ein tendens til å ville isolere seg. Hørslehallusinasjonar er óg svært vanlege.



Andre rekkje frå venstre: Sverre Holm, Asbjørn Toms, Alf Malland, Frimann Falck Clausen, Rolf Sand, Tom Tellefsen, Ole A. Simensen, Ottar Wicklund.

Bursey fortel m. a.: «Mennene freista kome over denne underlege tilstanden ved å snakke om ting dei kjende og hadde personleg tilknytting til. — Men under alt pratet låg tanken — uttrykt eller fordekt, om ei kvinne, kone. . . . Eg trur ikkje det gjekk ein dag utan at vi tenkte på det motsette kjønnet.»

3) Den tredje fasen i tilpassingsmønstret tar til når sola kjem att og opphaldet går mot slutten. No stikk dei spenningane og kjenslene fram som har lagra seg opp i løpet av vinteren. Forventningane før heimreisa overskyggar alt anna. I denne perioden sank moralen, mennene arbeidde mindre og drakk meir, og alle fantaserte om kva dei skulle gjere når dei kom heim.

Dei symptoma og fasane som er skildra her, har delvis samband med kor stor overgang polarlivet er i forhold til det tidlegare livet, men sjølv sagt óg med evna til å tilpasse seg nye forhold.

(Merknadene er tekne frå psykologen Karsten H u n d e i d e s vitenskapelege arbeid om korleis folk reagerar på overvintring i polarstroka.)

SØNNAFOR

av Gunnar Mørck

| | |
|-------------------|-------------------|
| regi: | JACK FJELDSTAD |
| dekor og kostyme: | ARNE WALENTIN |
| inspisient: | INGAR NILSEN |
| suffløse: | MAGNHILD ANDERSEN |
| rekvisitør: | EIRIN LARSEN |

1. akt: Blant «overvintrarane» på landstasjonen.
2. akt: Transportbåten kjem med folka og posten
heimanfrå.
3. akt: Ein dag på slutten av fangstsesonen.

Pause etter andre akt.

| | |
|--------------|--|
| foto: | Sturlason |
| programred.: | Tove Ellefsen, Svein Selvig, Håkon Qviller |
| trykk: | Torres Trykkeri, Oslo |

VERDEN

PERSONANE:

| | |
|-------------------------|-----------------------|
| Stuert Eilert Eilertsen | ROLF SAND |
| Andreas, bror hans | TOM TELLEFSEN |
| «Jokern» | ALF MALLAND |
| «Olsen-Norge» | HARALD HEIDE STEEN |
| Peder, — «Profeten» | ASBJØRN TOMS |
| «Dale-Guldbrann» | ROLF JUST NILSEN |
| «Messen» | OLE A. SIMENSEN |
| «Sjørøvern» | SVERRE HOLM |
| Tømmermann | CARSTEN BYHRING |
| 1. kvalfangar | FRIMANN FALCK CLAUSEN |
| 2. kvalfangar | OTTAR WICKLUND |
| Bestyreren | JENS BOLLING |
| Doktoren | HELGE ESSMAR |

KVALFANGSTEN

Nokre data om utviklinga.

1864 — Svend Foyn til Finnmark med «Spes & Fides», den første dampkvalbåten i verda, og ein absolutt føresetnad for å jage kval skoten med granatharpunen, som fekk sin endelege suksess i

1870 — da Foyn tok ut patent. Granatharpunen var revolusjonerande fordi granat og harpun vart avfyrt i same skottet. Denne oppfinninga førte til sterk auke i fangsten på dei store finnqualane, som det hadde vore for risikabelt å gje seg i kast med så lenge skrøpelege robåtar og handharpun var einaste reidskap.

1873 — Foyn får 10 års monopol på fangstmetoden sin. Tyskarane hadde stole patentet, men dei vart stengde ute frå norske fangstfelt.

1883 — Nordmenn startar kvalfangst ved Island.

1886 — Kvalfangsten ved Finnmark kulminerer. Mengda av kval har minka faretrugande. I 1904 kom lova med forbod mot kvalfangst utanfor kysten av Nord-Noreg.

1894 — Nordmenn starta fangst ved Færøyane. Ekspansjonen heldt fram; nordmenn var først på felta ved Newfoundland (1898), Shetland 1903, Hebridane og Sør-Georgia 1904, Sør-Shetland 1905, Chile 1907, Irland, Sør-Afrika, Kerguelen 1908, Brasil, Sør-Orkney, Sør-Sandwich 1911, Australia og New-Zealand 1912, Mexico vest 1913. Dessutan var nordmenn med da Japan starta med moderne kvalfangst i 1898.

1904 — C. A. Larsen frå Sandefjord starta landstasjonen og kokeriet «Grytvika» på Sør-Georgia, finansiert av det brasilianske selskapet Cia Argentina de Pesca.

1905 — Skipsreiar Chr. Christensen sender «Admiralen» til Falkland-øyane og Sør-Shetland, og startar dermed moderne kvalfangst med flytande kokeri.

Rolf Just Nilsen og Rolf Sand.



- 1913 — Slutten på den første gullalderperioden i norsk kvalfangst. Dei 55 selskpa i Noreg har til saman 229 skip og ein samla aksjekapital på om lag 40 millionar kroner.
- 1924 — Første kvalkokeri med opphalingsslipp. Kvalen kunne flensast i rom sjø, og flensetida for blåkval gjekk ned frå 4 til om lag 2 timar. 1920-åra er den andre store kvalfangst-perioden.
- 1931/32 — Den norske kvalflåten i opplag på grunn av krakket og overproduksjon på kvalolje.
- 1934 — Japanarane startar fangst i Antarktis.
- 1935 — Tyskarane kjem etter. Tidlegare hadde Noreg og Storbritannia vore åleine på fangstfeltet i Antarktis. Siste halvdel av 30-åra er den tredje store fangstperioden.
- 1939 — London-avtalen om regulering av fangsten i Antarktis. Japanarane tiltrådte ikkje; dei fanga her fram til 1941 utan omsyn til at kvalbestanden minka.
- 1946 — Washington-konvensjonen, den første verdsomfattande avtalen om fangstregulering, først og fremst i Antarktis.
- 1949 — De internasjonale kvalfangstkonvensjonen, — kontrollerte at reglane vart haldne og at nasjonane respekterte globalkvotane for den pelagiske antarktiske kvalfangsten. Kvoten vart stadig mindre; i 1945/46 var den 16 000 einingar blåkval, medan kvoten i 1967/69 var 3200 einingar. (1 BWU = 1 blåkval = 2 finnkval = 2½ knølqual = 6 seikval.)


Mange meiner at tida frå 1946 til 1952 er kvalfangstens eigentlege gullalder. Kvotene var tilstrekkelege og regulerte, og kvalolja gav topp-prisar.

(Vi takkar dr. philos. Joh. N. Tønnesen for løyve til å nytte stoff frå hans bok «Den moderne hvalfangsts historie».)

Frå venstre: Frimann Falck Clausen, Ottar Wicklund, Alf Malland, Harald Heide Steen.



Tom Tellefsen og Ole A. Simensen.



Frå ein samtale om kva det er som får folk til å overvintre på ein så isolert stad som Sør-Georgia:

«Det er ikkje fordi dei vil h i t, men fordi dei vil vekk heimanfrå. Vi kvalfangarane, vi passar ikkje der, — folk der oppe vil ikkje ha snåle folk til å gå rundt som — kvalmenn. Vi er ikkje kunstnarar som kan skrive vers eller male bilete og slik kome oss vekk frå ei dum kvardagsverd som ikkje vil kjennast ved oss. — Vi kjem hit ned fordi vi ikkje kjenner oss heime der og ikkje er til noka nytte — og fan ta — ikkje noko anna heller.»

Psykiateren dr. R. B. Robertson: «Hval og mannfolk».

Eg har sett etiketten «psykopatar» på kvalfangarane, men nemninga er ikkje nedsetjande meint. Konklusjonen min er at sinnet hans er friskt, for friskt og sunt til at det blir godtatt av, eller godtar, den sivilisasjonen han er fødd i. Derfor er fangstmannen dømd til å fjerne seg frå denne sivilisasjonen på eit eller anna vis. — I einsame trakter leitar han etter det han ikkje kunne eller fekk lov til å finne i trengsla.


Frå dr. Robertsons «Hval og mannfolk».

«GRUVA»

Sivilisert isolasjon og velferds-einsemd.

Sara Lidmans bok «GRUVA» er ei samling intervju med arbeidarar ved dei statseigde gruvane LKAB i Nord-Sverige. Boka er ei viktig påminning om at den miljødebatten vi held på å få her i Noreg óg, ikkje må stoppe med krava om betre husvære, leikeplassar og fritidslokale. Arbeidstilhøva og den graden av sjølvstende menneska har i arbeidssituasjonen er ein nødvendig føresetnad for trivsel.

Ei av dei mest nøgde «røystene» i «GRUVA» seier det slik: «Men av og til er det noko som vantar likevel... sjølv om det er vanskeleg å seie kva det er... Men det kjennest som om... ein ikkje vil leve berre for ein villa heller...»



— Kvar gong eg ser artiklar om øydelegginga av naturen, vassdragsforureinsing og slikt så tenker eg på forureinsinga av arbeidskrafta, korleis sinna våre blir skitna ned av støv, gift og støy.

— Ekspertane seier at støy ikkje er farleg dersom ein er harmonisk og avspent. Dersom ein ikkje tenkjer på det. Men korleis skal ein kunne la vere?


— Bråket er verst... Det er så audmjukande at dei få menneska ein treffer på skiftet, — dei kan ein ikkje veksle eit ord med. Det blir å lære seg eit slags teiknspråk...

— Etter jobben går ein heim til husværet og der blir ein verande.

— Det finst ikkje noko å ta seg til om kveldane. Eg ville gjerne drive med litt snekring og slikt. Men med seks—sju personar i eit tre-roms husvære — det blir ikkje særleg plass til ein høvelbenk.

— Kvinnene har ei syforeining. Men mennene har ikkje noko.

— Visst kan ein snakke med kona. Men når ein har vore gift i alle herrens år har ein mest prata ferdig.



— Skiftarbeidet gjer det umogleg å følgje kurs, om det fanst noko slikt her. Dei som går på skift, har slike tider at dei blir ute-stengde frå kursverksemd. Vi kan ikkje eingong følgje med i dei meir verdifulle programma på TV.

— Vi blir bydde tidtrøyte, og til slutt er vi verkeleg «tidtrøyte» og sundslitne. Støy på jobben og pang pang i fritida...

— Det er slutt med å treffast i fritida óg... Det er TV'n. Og skiftarbeidet. Eg jobbar tre-skift og slektingen min to-skift, og det er sjeldan vi har fri samstundes.

— Til slutt blir ein einsam.

— Kva trur du det finst av kameratskap mellom to som begge blir kalla gruvearbeidarar, men der den eine tener 21 kroner i timen og den andre 8.40?

— Slik det no er, finst det eit hundretal ulike timeløner.

— Eg trur det er slik for at arbeidarane skal splittast slik at dei aldri nokon gong skal kunne kome med felles krav.

— Vi har for få ressursar. Vi skulle hatt ein jurist som ombodsmann. Men når ein mann er komen så langt at han er jurist, da er ikkje han lenger på arbeidarane si side... Da får han andre problem — problema til den andre sida.

— Det er noko eg alltid har reagert mot. Når eg blir eldre og ikkje orkar så hardt arbeid, da hamnar eg på ein plass som gjer at løna automatisk blir lågare. ... Men... ein på kontoret. Han blir eldre han óg. Men løna hans stig. Han kan bli så åreforkalka at han korkje veit ut eller inn. Men løna hans stig. Han hamnar på toppen og eg på botnen.

— Langdryge forhandlingar om tiendedels øre som arbeidarane skal vere takksame for...

— **Å stå for meininga si er eit kostnadsspørsmål i dette samfunnet.**

—o—

— Eg synest ikkje eg er lykkelegare av all denne velferda. Vi arbeidarar, vi skapar ressursar, — men for kven? Sjølve blir vi stressa så vi kjenner oss jaga til og med inn i søvnen.

— Eg og mange med meg som er pliktrugne arbeidarar... vi kjenner oss utestengde, utfrosne... sette på plass, kontrollerte, vegne og målte... Vi kjenner det som om tida går utan at vi får leve eit meningsfylt liv der arbeidet skulle vere den mest verdifulle delen av alt. No er det noko vondt som ein ikkje kan kome seg unna.

— Det er berre att og fram mellom arbeidet og hybelhusværet, som ein gummiball — att og fram.

— Heile tilværet skulle vere meir menneskevenleg. Ein skulle kunne gå ut om natta og berre kikke på veret — gå inn at utan å måtte sjå på klokka og kjenne knyttneven om hjartet... om to timar skal du på jobben... om fem år er du døv... om ti år er det ingen som kjenner deg att...

På DET NORSKE TEATRET:



Johan Kjelsberg og Lise Fjeldstad som Den Ukjende og Kvinna i August Strindbergs store drama «TIL DAMASKUS».

«Sønnafor verden» er den første premieklare oppsetjinga i haust, men den norske dramatikaren Gunnar Mørch skal snart få selskap med andre.

August Strindbergs «TIL DAMASKUS» kjem 3. september. Tormod Skagestad set i scene, og dei største rollene blir spela av Lise Fjeldstad og Johan Kjelsberg. «TIL DAMASKUS» er eit kjent storverk i skandinavisk dramatik, men 15. september får vi ein polsk klassikar på repertoaret: «FORBANNINGA» av Stanislaw Wyspianski. I Noreg er Wyspianski lite kjend, men i Polen er han rekna for ein av dei største og blir flittig spela i dag. Henryk Tomaszewski er henta hit for å setje opp sitt eige lands dramatik på norsk scene. Han er kjend frå tidlegare oppsetjingar på Det Norske Teatret, m. a. Kafkas «PROSESSEN» og pantomimar bygd på «BRAND» og «PEER GYNT».

Ikkje mindre klassisk er Barneteatrets oppsetjing, som får premiere om lag 20. september: «PIPPI LANGSTRØMPE» — eller rettare Pippilotta Viktualia, Rullgardina Persilla Efraimdotter Langstrømpe, kjend av alle barn frå TV. Men Det Norske Teatrets Britt «PIPPI» Langlie skule vere godt budd til å ta konkurransen opp som ei livs levande Pippi. Rolf Sand har regien, og koreografien er ved Rolf Daleng.

REPERTOARET PÅ DEI ANDRE TEATRA I SEPTEMBER:



NATIONAL THEATRET

FRUER PÅ VIFT av Georges Feydeau, regi: Yngve Nordwall. **DEN STUNDESLØSE** av Ludvig Holberg, regi: Edith Roger. **SUPERBOY** av Helge Hagerup, regi: Jan Bull. **NÅR DEN NY VIN BLOMSTRER** av Bjørnstjerne Bjørnson, regi: Knut M. Hansson. **BYGMESTER SOLNESS** av Henrik Ibsen, regi: Arild Brinchmann.
For barna: DYRENE I HAKKEBAKKESKOGEN av Torbjørn Egner, regi: Torbjørn Egner.



SKULLE DET DUKKE OPP FLERE LIK . . . av Jack Popplewell, regi: on Lennart Mjøen. **VICTOR** av Roger Vitrac, regi: Jacques Rosner.

For barna: HENRIK OG PERNILLE av Ludvig Holberg, regi: Kjetil Bang-Hansen. **ALI BABA OG DE FØRTI RØVERE** dukkespel av Agnar Mykle, regi: Agnar Mykle.

trøndelag teater

TRE SØSTRE av Anton Tsjekov, regi: Eva Skøld. **EN FOLKEFIENDE** av Henrik Ibsen, regi: Kjetil Bang-Hansen. **ANTIGONE** av Sofokles, regi: Stein Winge. **EVERYTHING IN THE GARDEN** av Edward Albee, regi: Bo Hermansson. **EN MIDTSOMMERNATTSDRØM** av Wilhelm Shakespeare, regi: Eva Skøld.

Rogaland Teater

SPILLEMANN PÅ TAKET av Stein/Bock/Harnick, regi Rolf Daleng.



PRISEN av Arthur Miller, regi Ole Grepp. **PEER GYNT** av Henrik Ibsen, regi: Finn Kvalem. **DEN GLADE ENKE** av Franz Lehàr, regi Aloysius Valente.

For barna: KEISERENS NYE KLÆR av Per Edstrøm, regi: Sigmund Sæverud.



GJENGANGERE av Henrik Ibsen, regi: Hans Heiberg. **HEDDA GABLER** av Henrik Ibsen, regi: Göran O. Eriksson. **GRESSENKE-**

MANNEN av George Axelrod, regi: Arne Thomas Olsen. **SPELEMANN PÅ TAKET** av Stein/Bock/Harnick, regi: Rolf Daleng etter Tom Abbott. **ARSENIKK OG GAMLE KNIPLINGER** av Joseph Kesselring, regi: Kirsten Sørleie.



Botman . 68